

## **Innspel til kommunen sin arealdel, Bygland barnehage**

### **Tangen**

Vi er ofte på tur til Tangen. Vi bader/leiker på stranda. Vi er i Tufteparken og vi er i Gapahuken. I periodar kan vi vere på Tangen fleire gongar i veka, særleg vår, sommar og tidleg haust.

For å komme til Tangen har vi to «ruter».

1: Vi går gjennom sentrum, gangvegen ut til Frivilljug-sentralen, kryssar Rv 9 og går bort til stranda/Gapahuken/Tufteparken.

2: vi går gjennom sentrum, ned til Tappen og kryssar Rv 9 ned til Tangen her.

### **«Rundt Kvåle»**

Vi vekslar på kva for veg vi går, opp langs skulen og rundt, eller ned til kommunehuset og rundt.

### **Idrettsbanen**

Forbi skulen og opp til idrettsbanen

### **Til Gapahuken i skogen**

Langs Jordalsvegen opp i skogen

Vi går av og til gjennom skogen og ut på Øvre Lidi-vegen og ned att til barnehagen

### **På tur opp i Rindane bustadfelt**

### **Inn Ryssli-vegen på tur.**

**Rundtur gjennom Byglandsgardane.** Opp ved KVS, ned ved Åslaug Haugå. Nokre gonger går vi gjennom skogen til Prestlidi ( ved Olav Larsson) og tar gangvegen tilbake til barnehagen

**Rundtur rundt KVS,** opp langs ridebanen og ned bakken frå KVS og kryssar vegen ved Heradshuset.

**Til Hanehaug.** Gjennom sentrum, gangvegen bort til Haugå-bakken, kryssar Rv 9 og gangvegen bort til Hanehaug

**Tur til Byglandsheimen.** Gangvegen bort.

**Til Knutsbak,** gjennom sentrum og langs gangvegen

**På tur rundt i sentrum.**

**På tur rundt skulen.** Langs Kvålsåna (badstogvegen).

**Langs fjorden,** når det er muleg

**Lysløypa** når det er skiføre; den har eg ikkje teikna inn på kartet.

Vi går ofte gjennom sentrum og langs Jordalsvegen når vi er på tur. Vi opplever ofte mykje trafikk og høg fart forbi oss. Dette gjeld både privatbilar og tungtransport. Vi må ofte langt ut i grøfta for å føle oss trygge.

Lågare fartsgrense/fartshumper/gangfelt, særleg på strekket Heradshuset og opp forbi skulen.

Vi er og mykje på Tangen. Ei tryggare kryssing av RV 9 er ønskeleg.

Lågare fartsgrense/gangfelt/overgang eller undergang